

Forskrift skulekretsar i Vik kommune frå 01.08.2020

INNLEIING

§1 Formål

Forskrifta skal ivareta elevane sin rett til å gå på sin nærskule. Forskrifta skal bidra til rask, føreseieleg og likeverdig behandling av søknadar, vedtak og klager på tildeling av skuleplass.

§ 1-2 Lovgrunnlag

Forskrifta er gitt med grunnlag i opplæringslova § 8-1, som seier at kommunen kan gi forskrift om kva skule dei ulike områda høyrer til.

§ 1-3 Verkeområde

Forskrifta gjeld alle barn i grunnskulepliktig alder busett i Vik kommune. Forskrifta gjeld ikkje for barn som får opplæring i privatskule eller privat opplæring i heimen.

§ 1-4 Ansvar for behandling av saker

1. Rektorane ved den einskilde skule har ansvar for tildeling av plass til elevar med bustadsadresse innanfor eigen skulekrets, som er definert i denne forskrifta.

2. Kommunen har ansvar for å behandla søknader om å gå på skule utanfor eleven sin skulekrets.

§ 1-5 Iverksetting

Denne forskrift tredde i kraft frå 1.august 2020

SKULEKRETSGRENSENE

Feios skule. Skulekretsen omfattar bygdene Fresvik og Feios.

Flatbygdi skule. Skulekretsen omfattar bygdene Vangsnes, Vik, Arnafjorden med strendene.



TILDELING AV SKULEPLASS VED NÆRSKULEN

§3-1 Tildeling av skuleplass

Tildeling av skuleplass skjer etter Folkeregistrert adresse.

§ 3-2 Tildeling av skuleplass ved flytting

Elevar som flyttar til ny skulekrets i kommunen, eller flyttar inn i kommunen, vert tildelt skuleplass på sin nærskule av aktuell rektor når ny adresse er registrert i Folkeregisteret, eller det på annan måte kan dokumenterast at eleven har flytta, eller vil flytta innan kort tid. Rektor stadfestar skuleplassen i eit brev til eleven sine foreldre/føresette.

§3-3 Vedtak om skuleplass

Elev/føresette kan be om å få fastsett i eit einskildvedtak kva skule eleven har rett til plass på. Det er kommunen som fattar vedtaket. De er klagerett på vedtaket. Klagen skal sendast til kommunen. Fylkesmannen er klageinstans.

SKULEBYTE TIL ANNAN SKULE ENN NÆRSKULEN

§4-1 Skulebyte

Det er mulig å søka om skulebyte til annann skule enn den elevn høyrer til, jamfør opplæringslova § 8.1 tredje ledd.

§4-2 Retningslinjer for skulebyte

Kommunen har egne retningslinjer for skulebyte. I vurderinga av skulebyte skal det takast særskilt omsyn til barnet sitt beste og barnet sin rett til eit trygt og godt skulemiljø.

§ 4-3 Vedtak om skulebyte

Kommunen fattar vedtak etter søknad om å gå på annann skule enn nærskulen. Det er klagerett på slike vedtak. Klagen må vera skriftlig og sendast til kommunen. Fylkesmannen er klageinstans.

